

Kastrud (gnr. 119)

Kastarud:

Namn det 1. leden truleg er gmn. Kast, varp, ein fiskestad. Skrivemåten av namnet har i det heile vore stø og med få avvik.

Kastrud er ein av dei gamle gardane i Fåberg som på fleire måtar kan fastslå sin høge alder. Her er gjort fornfunn frå yngre jernalder, og her er kastrudborgen, der det og er gjort fornfunn. I skrivne kjelder finn ein gardnamnet skrive Kastarud både i 1347 og i 1348.

I år 1577 er gardnamnet skrive Kastarudt, og garden låg da med ei landskyld av 3 skinn til Fåberg prestebolig. Sytten år seinare finn ein i 1594 gardnamnet for første gong skrive Kasterud, og garden var da ført i gruppa for "Hallfue Gaarde" saman med 44 andre Fåberg-gardar. I 1604 vart korntienda utreidd med ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 5 tn. Same året er det elles nemnt ein annan fåberging ved namn Oluff Kosterud, som og svara skatt i gruppa for "Ødegaardsmend". I all denne tid låg Kastrud framleis til Fåberg prestebolig.

I 1630 hadde det vore brukarskifte på Kastrud, og den nye brukaren Tomas Kasterud betalde da skatt i gruppa for "Leiglendingebønder" med 1 dlr., som t.d. Gregorius Sønstelid og Amund Nørstelid.- Thomas Kasterud var framleis brukar på garden i 1645. Han betalde da den utlikna Kopskatten 1645 for kona si og seg sjølv med 18 skilling. Thomas Kasterud var brukar på Kasterud også i 1657. Det er oppgitt at buskapen hans da var 2 hopper, 14 naut, 6 geiter og 16 sauer, så garden hadde sikkert vore i jamn og god framgang.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Kasterud" fortalt at landskylda da var høgda til 1 ½ hud, at garden framleis var "Presteboelens", og at "Tommes" var leiglending der. - Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 8 stk. fe, og korntienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 25 tønner. Vidare er det om garden og gardsbruket der oppgitt at enga, innmarka var god, og det var skog til gards bruk, og at Kastrud alt da hadde seter og sommarbeite til krøtera på "Rycha Setter" (Ruka). Når det på garden var ein liten humlehage, tyder det på at det her var ein gard der det ofte vanka tilreisande eller andre som gjerne ville ha øl til maten.

Ved utlikninga av Leilendingeskatten 1678 er det opplyst at det var Fåberg-presten hr. Hagen som brukte garden, og han døde visstnok her på Kasterud. Fire år seinare er det opplyst at Kastrud var enkesete, og at det da var ei "PræstEnke" som budde der.

Året etter var det skifte på "Kasterud i Faaberg" etter avdøde Christopher Kasterud, som truleg hadde vore bygselbonde eller husmann på eller ved garden. Arvebuet, som sikkert var uten jordegods, var berre på brutto 80 rd. og netto 30 rd. vidare går det fram at arvingane ved skiftet var dei 7 søskena: 1. Peder, 2. Niels, 3. Olluf, 4. Kirsten, 5. Aastj, 6. Sigrij, 7. Berte.

I år 1714 var det hr. Johan Rosing som var sokneprest i Fåberg. Han gav da bygselseddel til sonen si, hr. Hans Rosing på "Kasterud, skyld 1 ½ hud prestebolsgods", men i 1720 vart denne bygselseddelen tilbakekalla.

Tre år seinare kom matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Kastrud fortalt at garden ligg i sollia, og at den da var tungbrukt. Jordarten var god, "dog noget koldlent", men det var skog til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer.

Husdyrhaldet på garden var da 3 hester, 15 naut og 20 sauer, og den årlege utsæden var 4-5 tn. bygg og litt rug, og at det på Kastrud var ei bekkekværn som vart nytta berre til eige bruk. Endeleg går det fram at det til Kastrud hørde 1 husmannsplass med brukande jord.

I 1727 var det kome ny sokneprest til Fåberg, hr. Hans Bircerod, og han gav da bygselseddel til Hovel Johansen på bruken av grd. Kasterud av skyld 1 ½ hud, som også da låg til Fåberg prestebol. Men i 1731 var bygselbonden Hovel Johansen død, og enka etter han, Berte Kasterud, som da var oppattgift med Christian Jørgensen Barlund, måtte overta fleire gjeldssaker etter den første mannen sin. To av desse sakene gir lokalhistoriske opplysningar og vi tek her med utskrifter av tingboka:

”Kasterud i Faaberg.

Gjeldssaker mot Berte Kasterud og hennes nuværende mann Christian Barlund for hennes tidligere mann Hovel Johansen Kasteruds gjeld for tømmerleverance:

12/2-1731 til Guttorm Romsaas eller Volden i Ringebu,

17/2 og 13/6 til Sølfest Ramstad, Lom,

13/6 og 9/10 til Guttorm Romsaas m.fl.

” ” ” Knud Mikkelsen,

16/2 1732 ” Sølfest Ramstad, Lom, Knud; Jon og Knud Storvig, Våge, Johan Pohlman, Kr.a.

De fleste av sakene er anlagt av Erland Stenersen på kreditorenes vegne og vistnok før hun ble gift med Christian Jørgensen Barlund.”

”Kasterud i Faaberg.

16. febr. 1732.

Monsr. Friderich Flor har på vegne av Sandboes arvinger, Torgeir Groupe m.flere fra Fron innstevnt avd. Hovel Johansens enke Berte Larsdr. Kasterud for gjeld som hennes sl. mann er skyldig på tømmerleverance.

For de innstevnte Berte Larsdr. og hennes nåværende mann Christian Jørgensen Barlund møtte prok. Sverdrup og fremholdt at deres forum er i Lands sogn, da de har bodd på grd. Tonvold der i sognet siden oktober måned. For det annet er det ikke tillatt å tilstevne så mange saker i ett dokument. Han henviste videre til en bekjentgjørelse som er publisert i retten til Hovel Johansens kreditorer.

Citantenes fuldmektig frafaldt stevнемålet og reserverer sig å føre sine beviser ved Frons ting.”

I år 1732 finn ein og husmannsplassen Stefanstuen omhandla. Brørne Ole og Hans Svendsen gav da kvittering til far sin Svend Hansen Stefanstuen for mottatt arv etter han, som var betalt med 100 rd.- Av 1735 er ei litt uvanleg sak, som etter utskrift skal vera bokført slik:

”Fliflet 14. juni 1735.

Lensmann Simon Fliflet har innstevnt Eli Amundsdr. Kasterud fordi hun har innsneget sig på hans gård og forlokket han tjenestepike Anne Olsdatter av hennes tjeneste, skjønt hun har mottatt 24 skl. I festepenge for å tjene 1/5- 1735 til 1/5- 1736.

Eli Kasterud og Anne Olsdr. forelegges laugsdag til neste ting.”

Magister hr. Hans Bircherod var sokneprest i Fåberg framleis 1741. Han gav da bygselseddel til Ole Ellefsen på ”en Fåberg prestebol tilliggende gård Kasterud kaldet beligg. i Fåberg sogn

skyldende med bøxel og herlighet 1 hud 6 skind, hvorunder også brukes et stykke Eng Torsgaard Eng kaldet skyldende 3 skind.”

Ti år seinare var i 1751 hr. Niels Stochflet vorte sokneprest i Fåberg og herredsprost for Gudbrandsdal prosti. Han gav da bygselbrev til husmann Poul Olsen og hustru på ”den til prestebolets gård Kasterud tilliggende husmandsplads Stephanstuen kaldet mot å svare årlig husleie 12 mælingers slått a 12 skl.mælingen og 6 mål skur a 16 skl. målet.”

År 1766 hadde det atter vore presteskifte i Fåberg, og den lærde prest, hr. Ole Irgens, som seinare vart biskop i Bergen, hadde i 1760 tatt over som prest i Fåberg. I 1766 gav han så bygselseddel til den nye brukaren av Kasterud, Peter Fridrichsen Seielstad, på bruken av garden. Denne bygselseddelen er elles etter utskrift bokført slik:

”Kasterud.

Bøkselseddel dat.25.juli 1766 tigl.9.oktober s.å.

Hvorved sogneprest til Fåberg prestegjeld Ole Irgens bøksler og fester til Peter Friderichsen Sejelstad den Fåberg prestebol beneficerede gård Kasterud med underliggende Torsgaard Eng skyldende tilsammen til bemeldte prestebol 1 hud 9 skind med bøksel. Denne gård bruker nu kaptein Darre, men han skal fraflytte den til nestkommende faredag. Alt skal Peter Friderichsen bruke undtagen husmandspladsen Stefanstuen og den såkaldede Kasterud Tange hvilke begge forbeholdes prestegaarden. Han har å betale de årlige skatter og rettigheter.”

Om den nye brukeren på Kastrud tek vi elles med dette:

Petter Seielstad kom først til Fåberg som kunsthåndverkar, ein dugande snikkar og kunstmålar som han var. Her i Fåberg vart han så kjend og gift med Mali Kastrud. Og dei fekk fleire born. Blant dei var og Frederik Kastrud, som og vart kjend som ein dugande målar. Med i arbeidslaget var og ein systerson av Petter, Nils Kastrud, som og vann seg ry som dugande målar. Lensmann I. Fliflet som i 1789 sette opp ei liste over 67 handverkarar i Fåberg, har gitt alle dei 3 Kastrud-målarane den same attest, at dei var gode arbeidarar. - Om arbeidet deira ved Nykjørkja i Gausdal skriv Ivar Kleivan såleis: ”Altartavla og preikstol`n er arbeidde taa ein Peter Kastrud i Faaberg og er eit godt arbeid, serleg er preikstol`n fin og prydeleg. Dæ låg stor kunstevne i Kastrudslekt`n, både ein son og ein systerson hass Peter var dugelege konstmaalerer.”

År 1786 utgav H.F.Hiorthøy den 2. delen av boka si: ”Beskrivelse over Gudbrandsdalen”. Der fortel han om garden Kastrud slik: ”Kastrud skyldar i Hud 6 skind, er Præstebollets Gods. Under denne Gård, på et bjerg ved Vandet, skal i ældgamle Tider have boet en saa kaldet Næsse Konge, i det mindste sees her endnu Muur og Tomt, der ikke urimelig synes at være Levninger af et gammelt Slot. Til denne Gaard hører et got Giedde-Fiskeri”.

I 1782 var det atter kome ny sogneprest til Fåberg, hr. Martin Abildgaard, og han gav da bygselseddel til Lars Jørgensen Sørgendahl på bruken av Kasterud med underligg. Torsgaards Eng av skyld tilsm. 1 hud 9 skind og elles på dei vanlige vilkår. Samtidig gav Lars Jørgensen føderådskontrakt til svigerforeldra Peder Friderichsen med hustru av grd. Kasterud.

Meir om dei menneske som har levd og virka her på Kastrud kan ein finne i Fåberg kyrkjebøker, som går tilbake til 1730. – Der er det såleis fortalt at i 1733 hadde det vore dødsfall på husmandsplassen Stefanstuen, og den døde var gamle Sønnøv, som var 80 år. I 1734 hadde det vore dødsfall på ein annen husmannsplas ”Ved Kasterud”, og den døde der var Nils, 72 år. Tre år etter var det atter dødsfall ”ved Kasterud”, og den døde var da Marit,

74 år. Det var altså fleire husmannsplassar til Kastrud alt i den tid. - I 1742 døde ei yngre kvinne av namn Maren Kasterud, 30 år, ho hadde altså familienamnet Kasterud. D e t hadde og Marit Dagsdtr. Kasterud, som døde i barselseng i 1750, 29 år gammal.

Eit forferdeleg slag råka familien i Stefanstuen i 1775. Da døde det 5 born der, alle søsken, i tida mellom 3. Januar og 6. Februar same året. Det eldste av borna var Ole Knutsen, som var 11 ½ år, og elles var det: Kirsti, 8 år, Ingeborg, 6 år, Christian, 5 år, og Siri, 3 år, - Dødsårsaken var truleg barnekoppar, som dei først tok til å vaksinere mot kring år 1810. I 1799 er det elles fortalt om eit ulykkeleg menneske P.F., som da vart gravlagt, men ”uden Jordpaakastelse, da han omkom sig selv”.

Den 19. Juni 1764 var det etter Kongl. Bevilling ekteskapsvigsle heime ”i Huset” på Kastrud. Det hadde seg slik at Kastrud da var enkesete, og at ”frue Enke Prostinne Anna Kristina Stockfleth budde der, men ho gifta seg da oppatt med kaptein Darre. Året etter fekk dei ein son, som ved dåpen vart døypt ”Niels Stochfleth”. Ja, det var litt av de kyrkjebøkene kan fortelja.

Plassen Storsveen ved Kastrud er omhandla i 1795. Ole Olsen Storsveen gav da obligasjon til Christen Olsen ved Kasterud for 199 rd. ”mot pant i pl. Storsveen og debtors lørøre”. Etter ordlyden i obligasjonen ser det helst ut til at Ole Olsen da var eigar av Storsveen.

År 1798 hadde det atter vore presteskifte i Fåberg, og den nye soknepresten hr. Andreas Broch gav da bygselseddel til Nils Christensen Berge på grd. Kastrud framleis av skyld 1 hud 9 skinn. Denne bygdelseddelen, som elles kan vera av interesse, har etter utskrift denne ordlyden:

”Kasterud.

Bygselseddel Dat. 1798, febr. 14. Tgl. febr. 15 og 16. Fra sogneprest Andreas Broch til Niels Christensen Berge og hustru Kirstie Petersdtr. på livstid, på den Faaberg Præstebord beneficerede gaard Kasterud med underliggende Torsgaards-Eng. av skyld tils. til bemeldte presteb. 1 hud 9 skind b.o.h., hvilken gaard dens forrige bruker maleren Sr. Friderich Petersen godvillig har fratrudd. Herfra undtatt den tidligere prestegaarden underlagte plass Stephanstuen med Kasterud-Tangen. Fornøden havning og brændeved for den påboende husmand.”

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 fire familiar på og/eller ved Kastrud. Det var:

1. Familie: 1. Nils Christensen, husbonden, 35 år, 2. Kjersti Pedersdtr., kona hans, 33 år, 3. Anne, dotter deres, 7 år, 4. Peter, son deres, 6 år, 5. Mari dotter deres, 4 år, 6. Ole Jensen, tenestkar, 21 år, 7. Svend Christensen, tenestkar, 18 år, 8. Eli Larsdtr., tenestkvinne, 56 år, 9. Lisbeth Olsdtr., tenestkvinne, 20 år, 10. Berte Olsdtr., tenestkvinne, 12 år, 11. Jon Christensen, 16 år, ”Nyder Lægd”, 12. Malie Nielsdtr., mor til konen, føderådkone, 68 år.
2. Familie: 1. Syver Knudsen, husmann med jord, 66 år, 2. Sidsill Christensdtr., kona hans 55 år, 3. Christen Syversen, son deres, 20 år,
3. Familie: Christen Olsen, husmann med jord, ”Smed, Tømmermand, og Snekker”, 50 år, 2. Magnild Knudsdtr., ”Fruentimer-Skredder”, 66 år. 3. Anne Pedersdtr., tenestkvinne, 38 år .
4. Familie: 1. Jens Jacobsen, husmann med jord, dragon, 41 år, 2. Lisbeth.Thordsdtr., kona hans 45 år, 3. Jacob, son deres, 9 år, 4. Thorsten, son deres, 6 år, 5. Jacob Christensen, far til mannen, 65 år.

Fra same året, altså 1801, er og ei tinglyst avtale mellom husbonden Nils Kasterud og husmannen Christian Kastrudengen, ei avtale som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Kasterud(engen).

Forening Dat.. 1801 , juni 6. Tgl. 1804, febr. 15.

Mellem Niels Christensen Kasterud og hans husmann Christen Olsen Kasterudengen. Christen Olsen skal ha det engeland nede ved vandet, kaldet Fetten, men fiskeriet skal brukeren selv ha. Dog tillater det husmann å opsette en Rysgaard og sette ut nogen garn ved landet, når det sker til brukerens fortrengsel.

Ovenstående approberes herved for Christen Olsens levetid som beneficiarius.

A.Broch.”

År 1806 gav atter sokneprest A. Broch bygselseddel på Kasterud og denne gongen til Haagen Pedersen Ouren og hustru, og vi tek hermed også denne bygselseddelen i utskrift. Den lyder i utskrift slik:

”Kasterud med underliggende Thorsgaards Eng.

Bygselseddel dat. 1806, febr. 22. Tgl. 1806, juni 18.

Utstedt av sogneprest Andreas Broch til Haagen Pedersen Ouren og hustru Johanne Petronelle Acheleye på Kasterud med underliggende Thorsgaards Eng, skyldende til sammen til Faaberg presteb. 1 hud 9 skind med bygsel og herlighet. Den forrige bruker Niels Christensen Berge har avstått dette godvillig mot å nyde føderåd for sig og sin kone Kristie Pedersdtr. ”Thi skal ovennevnte Haagen Pedersen denne gaard nyde, Bruuge og beholde, ikke alleene på sin Livstid, men også hans Huustrue Johanne Petronelle Acheleye om hun skulle overleve ham, sin livstid saa lenge Hun i ugift stand hensidder, tilligemed alt hva denne tilligger og tillegge bør undtagen den forhen Præstegaarden underlagde Plads Stefanstuen med Kastrud-Tangen samt fornøden og sædvanlig Havnegang og Brændeved for den paaboende Huusmand ligeledes og den til Præstegaarden sædvanlige og for nødne skov og Brændefang.”

Tre år seinare gav sokneprest Andreas Broch atter bygselseddel til ein ny brukar på Kastrud, og denne gongen til Jon Nilsen Wottestad, som samtidig overtok dei føderåd som før var tillagt bygsla.

I1815 hadde sorenskrivar Møinichen busett seg på Onsum. Han hadde da ei sak med Jon Nielsen Kasterud om oppgjer for noko steinkjøring. Det ser elles ut til at den daverande brukaren Jon Nilsen Kasterud til sine tider kunne være i pengevanskar, og i 1819 lånte han t.d. 173 spd. av Ole Ouren på Stolpestad i Ringsaker mot pant i lausøyre.

Litt om storleiken på gardane i den tid går nokså tydeleg fram av matrikkelframlegget for Fåberg av nett det same året, altså 1819. Der er det om grd. Kastrud oppgitt at buskapen av store husdyr da var 4 hestar og 22 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 72 tønner. Det er vidare opplyst at det framleis var 3 husmannsplassar med brukande jord til Kastrud.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart landskylda omrekna og justert i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Kastrud fekk da som ny matrikkelskyld: 10 dalar, 1 ort og 5 skilling, og det var da atter Hagen Ouren som var oppsittar på Kastrud.

Den første private som verkeleg vart eigar av garden Kastrud, var enkefru Johanne Petronelle Ouren, som i 1850 oppnådde å få kongl. skjøde på Kastrud for kjøpesum 1800 spd. m.m. Skjøtet er datert 19. desmbr.1849 og tinglese 18. mars 1850.- Den nye eigaren hadde elles ikkje garden lenger enn eitt år. Da gav ho sjølv skjøte til Peder Olsen Taraldrud på grd. Kastrud for kjøpesum 2 200 spd.+ føderåd.- Peder Olsen var så eigar og brukar av Kastrud til 1857, da han selde garden vidare til Christian Fliflet for 3 000 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Kastrud fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 290 mål, og av dette var ca. 100 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Kastrud var: 4 hestar, 17 storfe og 40 småfe; men dertil var det på husmannsplassane tilsaman: 4-5 tønner korn og 10 tn. settepoteter.

År 1886 kom den lenge forebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gardsnummer og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Kasterud m/ Torseng el. Torsgaardeng fekk da som sitt nye gardsnr. Nr. 119 av samla skyld 14, 86 mark, og det var da framleis Kristian Fliflet som var eigar og brukar av garden.

Fire år seinare var det i 1890 eit større makeskifte mellom sokneprest S. Vinsnes for Fåberg prestegard og enkefru Mathea Fliflet for grd. Kastrud, og slik at jordstykket Tangen vart skifta mot jordstykket Rinden, som ved skyldsettinga vart rekna for å vera likeverdige.

Enkefru Mathea Fliflet sat i uskifta bu framleis i 1891, men same året skjøta ho så garden Kastrud til sonen Simen Kristiansen for kjøpesum kr. 4750, + føderåd av 5-årleg verdi taksert til kr. 2000,-. Føderådet galdt da føderåd til mora Mathea Simensdtr., til broren Nils Kristiansen og i tilfelle til søstera Kari Kristiansdtr. For tilsm. altså kr. 2 000,-.

Av 1897 er ei tinglyst kontrakt frå Simen Kastrud til Mathias Jacobsen om leige av eit jordstykke mellom hovudveigen og Brendløkka og rett til å få nytte ein bekk som gjekk over jordstykket.

Da det kan vera av interesse tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det 6 personar med røysterett på og/eller ved Kastrud. Det var: 1. gardbrukar Simen Kr. Kastrud, 39 år, 2. husmor Marie Kastrud f. Rindal, 35 år, 3. føderådsmann Nils Kr. Kastrud, 52 år, 4. husmann Iver Kastrudhagen, 52 år, 5. husmann Matias Jostuen, 56 år, 6. sjølveigar Peder Hansen Taaget, 80 år. Ein merker seg at dette var i den tid da røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med Kastrud og/eller parsellar av garden tek vi vidare med at Simen Kastrud brukte garden til i 1920, da han skjøta garden til sonen Kristian Kastrud f. 1897. Ti år seinare kjøpte i 1930 Otto Hagen grn. 119, brn. 2 Skogsrud av skyld 0,7 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 blitt to gardsbruk under grn. 119. Det var: a. grn. 119, brn. 1 Kastrud med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 320 mål, som Kristian S. Kastrud framleis var eigar og brukar av, b. grn. 119, brn. 2 Skogsrud, jordbruksareal ca. 75 mål, som Otto I. Hagen var eigar og brukar av.